



## Flotte jubilarantar

Torsdag 9. desember var det halde ei fin markering på Klingenberg hotell for tilsette med 25, 30 og 40-års teneste i Årdal kommune. Rådmann Ingvar Laberg og varaordfører Marie-Helene H. Brandsdal stod for utdelingane. Dei takka for lang og tru teneste, og såg fram til vidare samarbeid.

**40 års teneste**  
2 månadsløner og  
2 lysestakar i sølv



Rådmann Ingvar Laberg, Anne-Helene Fusche Moe, Liv Moen, Eldbjørg Seim og varaordfører Marie-Helene H. Brandsdal

**30 års teneste**  
Heidersmerke og  
diplom



Rådmann Ingvar Laberg, Jan Grønsberg, Øyvind Heggheim, Solveig Øygarden og varaordfører Marie-Helene H. Brandsdal  
Gunnhild Lislelid og Bjarne Søvde var ikkje til stades

**25 års teneste**  
Gullklokke



Rådmann Ingvar Laberg, Solveig K. Natvik, Lillian Henriksbø Horge, Vigdis I. Hilleren, varaordfører Marie-Helene H. Brandsdal.  
Framme: Arvid Hatlelid og Heidi Nordheim Moen



## Årets Årdøl og Kulturvernprisen

Prisane vart utdelt på Klingenberg hotell saman med kommunestyret 16. desember.

Ordføraren stod for utdelinga av prisane, som var ein sjekk på kr 5.000,- diplom og jubileumsboka.

Kirsten Larsen vart kåra til Årets Årdøl for innsatsen ho har gjort for handballen i IL Jotun gjennom mange år. Narve Opheim fekk Kulturvernprisen for restaureringa av huset i Storevegen 21 som vart oppført i 1921.



Kirsten Larsen - Årets Årdøl



Narve Opheim - kulturvernprisvinnar

Labanredaksjonen ønskjer alle ei god jul og eit godt nytt år



## Rådmannen har ordet

**Det går mot jul og året 2010 er snart historie. I Årdal kommune si lokalhistorie vil 2010 bli ståande som det året vi feira kommunen sitt 150-årsjubileum. I samband med feiringa vart det gitt ut to flotte bokverk som kvar på sin måte teiknar eit bilete av Årdalssamfunnet.**

Først kom kommunen si jubileumssoge 'Kamp, krefter og kunnskap'. Tråden i boka er å skildra Årdal som industribygd. Frå koparverkstida på 1700-talet og fram til i dag går det ei line i industrihistorien i Årdal. Industriutviklinga, som i stor grad er bygd på naturgitte ressursar, tok såleis til lenge før Årdal vart eigen kommune.

Grunnlaget for den industrielle utviklinga i nyare tid vart lagt då Stortinget i 1908 godkjende konsesjonsvilkåra for utbygging av Tyinvasstraget.

Frå å vera eit lite, isolert jordbrukssamfunn langt inn på 1900-talet, skaut industrialiseringa fart utover 1950-talet gjennom oppbygginga av Årdal Verk. Ein gigantisk utbyggingsperiode tok til og Årdal utvikla seg til eit moderne velferdssamfunn.

Jubileumssoga får fram på ein god måte at Årdal har vore og er eit industrisamfunn, og at utviklings- og overlevingsviljen er kjennemerket på dette livskraftige samfunnet.


Mot slutten av jubileumsåret fekk vi oppleva ei flott fotoutstilling i Samfunnshuset i Øvre Årdal, ei storstila jubileumsgåve frå Sogn og Fjordane kunstmuseum. Tre svært anerkjende kunstfotografar, Leif Gabrielsen, Jiri Havran og Raymond Mosken, synte fram bilete frå Årdal med ulike utgangspunkt - menneske, landskap og bygningar. Utstillinga var eit utval bilete frå det praktfulle bokverket 'Årdal- hva?', tilrettelagt av kurator Per Bjarne Boym, som innleia boka med ein introduksjon til bileta basert på ein tidsaktuell tekst av Agnar Mykle.

Saman utfyller dei to bokverka kvarandre ved at den eine dokumenterer ei 150-årig historie, den andre øyeblikka i jubileumsåret.


Skulle du vera i mangel av gode idèar til julegåve, anten til deg sjølv eller nokon du vil gleda ekstra, burde valet i år vera lett.

Vel overstått jubileumsår og dei beste ynskje til dykk alle for ei fredeleg julehelg og eit godt nytt år !

*Best helsing  
Ingvar Laberg  
rådmann*



**ÅRDAL**  
*kamp, krefter og kunnskap*



*Fotografier 2009 - 2010*

## **Nytilsette**

### **Spesialomsorg**

Anne Britt Lindborg  
Nina Sem-Johansen  
Guro Hovland  
Linda Therese Pedersen  
Geir Arne Einan  
Jane Kristin Lindstrøm-Bohne  
Anne Mette Thunshelle Opdal  
Maja Nilsen Kronstad

### **Eldreomsorg**

Anita Hestetun  
Cecilie Magnussen Brun  
Henriette Horge  
Elisabeth Natvik  
Kirsten Flæte  
Regine D. Torgersen  
Edyta Mateja  
Anna Aneszko

## **Sidan sist:**

### **Tangen skule**

Liv Inger Åberge  
Stine Kauppi Straumsheim  
Tonje Asperheim Fredheim

### **Einehaugen barnehage**

Veronika Bjørnerud  
Sandra Eide Gjerdet

### **Ve barnehage**

Anne Berit Myrmel

### **Ungdomsklubbane**

Randi Eide, Brakka  
Kari Brun, Kjedlaren

### **Musikk- og kulturskulen**

Laila Asperheim

### **Økonomiavdelinga**

Geir Hansen, leiar  
Catherine Stigen Bøen,  
rekneskapskontrollør

### **Tekniske tenester**

Svein Erik Hestetun

## **Slutta**

Paula Blix  
Jasmin Eminovic  
Monica Offerdal Røneid  
Ingrid Elin Sæbø  
Jane Susan Bjørk  
Alf Olsen  
Wenche Clausen

## **Pensjonist**

Astrid Aaland Sande



Rigmor Svanberg er tilsett som kommunalsjef i Årdal kommune.

Ho kjem frå Stord og har brei helse- og sosialfagleg bakgrunn.

Arbeidsområdet til Rigmor blir eldreomsorg, spesialomsorg og NAV (sosial)

Ho har vore i Årdal og hatt møte med områda, og seier ho gler seg til å byrje i stillinga 3. januar.

**Årdal kommune ønskjer ho velkomen og lykke til i stillinga.**

## **MINNEORD**

Det var med stor sorg me mottok meldinga om vår kjære kollega Jorunn, sin bortgang. Jorunn byrja i Årdal kommune i 1987, og var tilsett ved Farnes skule sidan hausten 1990. Ho var engasjert, alltid positiv og kom godt overeins med både barn og kollegaer. Arbeidsoppgåvene var mange og varierte, men desse løyste ho alltid på ein svært god måte.

Jorunn var positiv, glad og hadde alltid eit godt, smittande humør. Ho tok seg sjølv aldri høgtidleg, noko som òg var med på å skapa eit kjekt arbeidsmiljø med mykje latter og moro.

Ho var svært sosial, og visste alltid stor glede ved fellestiltak. Som oftast var ho den fyrste som melde seg på aktivitetar som fellesturar, sosiale kveldar og andre tiltak med kollegaer. Slik var det også etter at sjukdommen råka. Ho var alltid positiv, noko som òg prega skuleavslutninga denne våren som skulle bli hennar siste.

Me minnast vår kjære kollega Jorunn, med glede og mange gode minner.

**Tilsette ved Farnes skule**



# Årdal bibliotek - 1 år etter nyopninga

20. november 2009 opna det nye biblioteket i Årdal.

Me kan sjå attende på eit travelt år der mykje har dreia seg om ferdigstilling av biblioteket samstundes som ein har vore i full drift. Mykje arbeid har vore lagt ned i organiseringa av biblioteket. Me har gjort mykje anleis og tenkt mykje nytt, så det var spanande å sjå om det ville fungere i praksis. Me byrjar sjå resultatata no og stort sett er me godt nøgde med det me har fått til innan dei rāmene lokala og økonomien gav oss.

Attendemeldingane frå publikum har vore gode og det ser ut til at folk likar seg godt i dei nye lokala. Mange småbarnsfamiliar har funne vegen til oss. Kjekt, og det er alltid plass til fleire.

Besøkstala er bra. Rundt 150 – 250 personar er innom kvar dag.

Me har endra opningstider for at tilgjenge for lånarar som ikkje er busette i Øvre Årdal skal verte betre.

Me har endra ein av «langdagane» frå onsdag til torsdag slik at det skal vere mogleg å kombinere ein runde i butikkane med eit besøk på biblioteket. Me har òg hatt laurdagsope ein laurdag i månaden i 2010.

I september fekk me på plass ordninga med henting og levering av bøker og anna materiale i Tenestetorget på Årdalstangen. No kan tangingane tinge bøker og anna via epost, eller telefon, og få det ned dit. I desse dagar byrjar arbeidet med den nye heimesida til biblioteket, så om ikkje så altfor lenge skal me vere meir tilgjengelege også på nett. Elles er me no knytt til tenesta Norgeslån som gjer det mogleg for lånarane å bestille bøker sjølve hjå andre bibliotek og hente dei hjå oss. Ein treng nasjonalt lånekort for å nytte seg av tenesta.

Utviklinga innan biblioteksverda går rivande fort og akkurat no er det spanande å sjå kva som skjer i høve e-bøker og den norske marknaden.

Medan eg skriv dette får eg telefon frå leverandøren av biblioteksystemet vårt. Det syner seg at dei trekk seg ut i løpet av 3 år, så no startar vurderinga av nytt system med alt det inneber i høve planlegging, sjølve konverteringa og opplæring på det nye systemet.

Uventa og mykje arbeid, men samstundes kan det opne for betre løysingar, så me får sjå det positive i det.

**Ta turen innom biblioteket!**



## Visste du at .....

**\* Gjennomsnittsalderen på ein kommunalt tilsett i dag er 45 år?**

**\* Pr. november er 102 av totalt 600 tilsette over 58 år?**

**\* At Årdal kommune har dei billigaste kommunale avgiftene i Sogn og Fjordane?**

**\* Årdal kommune har eigen kommuneblom?**

Det var i samband med Det Norske Hagesenter sitt 125 årsjubileum at fylkesstyret i DNH medverka til at alle kommunene i Sogn og Fjordane skulle få sin eigen kommuneblom.

Anne Kristin Dahle, Sonja Midtun, Marion Stedje, Ingeborg Hjelle, May Bente Myhre og Anita Venes Årteig i utedrifta (park) utarbeidde forslag til kommuneblom, og utval for tekniske tenester vedtok i møte 06.05.09 Krattfiol som kommuneblom.

Krattfiol (*Viola Mirabilis*) trivst der det er rike bergartar (kalk) t.d. i urer, ved bekkar og i bekkedar. Krattfiolen er ikkje så vanleg i Indre Sogn. På Vetti blei han fyrste gong registrert av Axel Blytt for vel 100 år sidan. Krattfiol er ein vakker og velluktande blome.





# Tur til Bøttejuv



*Fantastisk utsikt*



*Øvre i delvis sol*

Folkehelseturen i haust gjekk til Bøttejuvet. Det vart ei flott oppleving for dei 25 deltakarane som var med. Veret var flott, og utsikten der oppe må berre opplevast. Me kjenner suget når me står på kanten, vel 1300 meter over vassflata.

Torgeir Jevnaker var turleiar også i år, og fortalde om spådomar og segner omkring Bøttejuvet. Sprekken er godt synleg, men det er ikkje registrert endringar ved dei to målepunkta. Neste år går folkehelseturen til Paradisjuvet.



*På kanten av stupet*



*Turdeltakarane samla ved Varden på Bøttejuv*

---

## Med båt på Årdalsvatnet




Fjellsikring ved Stedjetunellen gjorde at vegen mellom Tangen og Øvre var stengd frå 13. til 22. august. Reisande måtte bruka båt for å koma seg mellom tettstadene. Bussar var sett opp til sentrum både på Tangen og i Øvre. Dette var ei spesiell oppleving. Veret var fint og det var berre godord å høyra frå alle.



*«no kjem dampen...»*




*Tunnelopninga 25 timar før vegen vart opna*



*Blide passasjerar*

## 3 veteranar på jobben



### Inge Moen

Ei samla tenestetid på over 48 år til no, er truleg rekord her hjå oss, og Inge har ikkje planar om å gje seg enno. «Eg har i alle desse åra hatt ein god arbeidsgjevar, og trivnaden har heile tida vore på topp» seier Inge, som starta si kommunale karriere 18.06.1962.

Berre 3 dagar etter skulen var slutt byrja han som «stikningshjelp» eller «flisagut» i kommunen. Han gjekk så etter kvart over til det som då vart kalla «uteseksjonen», nærare bestemt veg, vatn, og kloakk, og var med på å grave mange meter grøfter

og legge røyrer, mellom anna ut til Børtnes. «Den gongen var vi heile 25 mann på denne avdelinga» seier Inge. I 1971 tok han til med oppmåling igjen då han byrja på teknisk etat som landmålarassistent. Dette var draumejobben på sommartid for ein som alltid har lika fysisk aktivitet. Han var mellom anna med på å stikke folkevegen til Vetti, og på kartlegging av Vettismorki. På vinteren denne perioden var det kontorarbeid med kartkopiering, og arbeid med målebrev. I 1986 vart Inge tilsett som innkjøpssekretær, ein jobb han hadde fram til 2002. Inge har enno ein del ansvar for innkjøp og leasingavtalar.

Vi skal og for orden skuld nemne at Inge har vore tillitsvald, verneombod og hovudverneombod. Han har hatt to periodar i kommunestyret, og 12 år i kulturstyret, der han var leiar i fire år.

Han sit no på andre året som leiar for Årdal kommunale bedriftsidrettslag

I dag er karen lettast å få auge på, bak skranken på tenestetorget der han, i ein del av sin stilling, svarar på telefonen til kommunen. «Eg har vore her såpass lenge no at eg kjenner organisasjonen godt, og greier svare på det meste», seier superveteranen. Det kan Laban kvittere på.

### Gina Nundal

Gina Johanne Nundal har vore i Årdal kommune si teneste sidan 1976, heile 34 år, men byrja i arbeidslivet lenge før dette. Gina, som kjem frå Snertingdal, har ein noko uvanleg karriere bak seg.

Ho var allereie i 1952 ferdig uteksaminert frå frelsesarmeens krigsskole, og reiste Noreg rundt på ulike oppdrag som slumsøster. Ho var og innom Toten psykiatriske som medhjelpar ein periode, og har 5 års teneste på Gjøvik sjukehus som hjelpepleiar. I 1975 møtte ho mannen ho seinare vart gift med, og flytte så til Årdal. Der byrja ho i 1976 på sjukeheimen som hjelpepleiar og barnepleiar, og vart der i 13 år. Frå 1990 har Gina vikariert som kyrkjetenar, og meiner med eit smil, at ho er vikar enno. «Eg stortrivst i jobben min» seier Gina. Variert og utfordrande, frå bryllaup til barnedåp og gravferder. Gina er og vaktmeister i kyrkjelydshuset på Tangen, som for tida også fungerer som eldresenter. Her må alt vere i orden. Ho er rett og slett ei svært viktig brikke i alt arbeid i kyrkje og kyrkjelydshus, ho er den som veit kvar saker og ting er plassert, og korleis ting vert gjort. Spør du Gina, så får du svar.



### Ingar Sjøtun

Ingar Sjøtun vart tilsett i Årdal kommune som 17 åring, 5. mai 1968, og har ei mangfaldig karriere bak seg.

Første jobben var som sidemann på lastebil, med sjåfør Magnus Øren. Han vart så sett på kyrkjegardsgraving saman med Erling (i muren) Øren. Dette var før gravemaskinene var tekne i bruk på kyrkjegardane, og Ingar kan hugse ei julehelg med frost og tele, og fem graver som skulle ordnast. Meisling og handarbeid var nok til ikkje å fryse. Seinare bar det inn på V.A. (vatn og avlaup), og her var han mellom anna med på å klargjere

*Framh. neste side*

byggfeltet øvst i Vassbugen, ein svær jobb. Han var og tidleg inne som avløyser i Geithusanlegget, og var elles ei mykje bruka «potet» på Teknisk Etat som det heitte den gongen. Kyrkja vart i beit for kyrkjetenar, og Ingar hadde eit vikariat her, med blådress og slips i 6 månader. Feiar var han i heile 12 år. Bilen feiaren nytta den gongen, var ein gammal spansk varebil av merket «Matador». Denne hadde tidlegare gjort teneste som bårebil i kommunen, og hadde ikkje varmeapparat, me fraus nesten i hel på kalde vinterdagar.

I perioden som feiar tok Ingar oljemontørsertifikat, og dreiv med oppstart og service på oljekaminane til folk. Han var og som feiarar flest med i brannvernet. Ingar har og vore vaktmeister i Årdalshallen, og ein periode på Farnes skule. Han har no i lengre tid gjort teneste på renovasjon, og i 1998 tok han sertifikat på lastebil. No er han å sjå i gatebilette med ny flott komprimatorbil (bosbil). Han er fortsatt operatør i Geithusanlegget. Pensjonsalderen nærmar seg. Han har byrja tenke litt omkring dette, men kjem til å jobbe full dag så lenge han er i arbeid. Eg har god helse og ein kjempejobb. Noko nedtrapping kjem ikkje på tale, seier han bestemt.



## Årdal kommune



### regodkjent som Trygt Lokalsamfunn

**Dette betyr ikkje at vi er eit trygt lokalsamfunn, men at vi heile tida jobbar for å bli tryggare.**



Førebyggjande arbeid for ulukker og kriminalitet byrja i Årdal i 1988 med prosjektet Årdal Tenk Tryggleik (ÅTT).

Årdal kommune overtok prosjektet i 1997, og fyrste prosjektleiari var Kolbjørn Kastet. Ideen var å ta tryggleikstenkinga frå fabrikkane ut til bygdefolket, og at alle såleis skulle tenka tryggleik, og «bry seg» med tryggleik, også i fritida.

Folk fekk her ei adresse der dei kunne melde inn saker, hendingar og situasjonar, ein fekk attendemelding frå ÅTT, og desse kom ofte gjennom konkrete tiltak. Tryggleik vart og stadig oftare tema i lokale media.

#### Styrande komite:

*Arild Ingar Lægreid, Edvard Holsæther,  
Magne Knudsen, Jan Bent Høyum,  
Kari Bjørg Måren, Svein Grindhaug og  
Steinar Drægri*



I år 2000 vart Årdal etter ein omfattande søknadsprosess, utnemnt som «Trygt Lokalsamfunn» av verdens helseorganisasjon WHO, ei utnemning som krev høg grad av førebyggjande aktivitet i kommunen.

Samarbeidet med politiet har heile tida vore ein styrke for ÅTT, og Årdal vart SLT kommune i år 2000. SLT står for: «Samordning av Lokale Kriminalitetsførebyggjande Tiltak», og mange av eldsjelene i ÅTT har vore tilsette ved lensmannskontoret.

I 2005 teikna kommunen partnerskapsavtale for folkehelse med fylkeskommunen.

Dette partnerskapet har sin eigen handlingsplan og er siste skotet på ÅTT- stammen til no.

Folkehelsekoordinatoren har fleire funksjonar, og folkehelsearbeidet heng nøye saman med det tryggleiksfremjande arbeidet i ÅTT.

**Årdal Tenk Tryggleik er vorte ei merkevare i Årdal, og lever i beste velgåande etter sin visjon: «Årdal skal vere ein stad der alle skal kunne oppleve eit trygt liv i harmoni med medmenneske, natur og miljø».**



# Juleverkstad i Uravegen barnehage



1. veka i desember er det alltid juleverkstad her i Uravegen. Dette er ein triveleg tradisjon hjå oss.

Foreldre/besteforeldre og sysken kjem til ein «julepynta» barnehage på kveldstid. På avdelingane er det lagt til rette for ulike aktivitetar – peparkakebaking, julekort, flettakorger og andre juleaktivitetar. Det kjekkaste av alt er å gå på «julekafe» på småbarnsavdelinga.

Der kosar me oss med gode kaker som foreldra til 6-åringane har baka, nysteikte peparkaker og gløgg.



Snart er det jul igjen, og me gler oss til adventstida!  
Me ynskjer alle ei riktig god og roleg adventstid.

**Julehelsing frå store og små i Uravegen barnehage.**

## Julemessa 2010

Laurdag 20. november gjekk den årlege julemessa av stabelen i Kyrkjelydshuset på Årdalstangen. Tangenvegen 14 saman med Kyrkjeringen og Årdal i Sogn Røde Kors stod for arrangementet. Det var mykje flott å kjøpe, flotte gevinstar vart uttrekt og god mat var det også mogleg å kjøpe. Musikkskulen underheldt alle som hadde møtt opp. Ein triveleg og flott dag.



Reidun Karin Hestetun og Harald Olsen



Tone Enger og Reidun Karin Hestetun



Harald Olsen

## Julearrangement

28.12: Juletefest  
Samfunnshuset, Øvre Årdal kl. 17.00  
Arrangør: Kulturutvalet Hydro Årdal

28.12: Filmkveld  
Ungdomshuset, Seimsdalen kl. 18.00  
Det blir synt ein film for alle

29.12: Juletefest  
Vikadalen ungdomshus kl. 17.00  
Ta med kaker. Det vert servert kakao

29.12: Juletefest  
Kyrkjelydshuset, Årdalstangen kl. 17.00  
Arrangør: Kulturutvalet, Hydro Årdal

29.12: Romjulsfest (aldersgrense 18 år)  
Samfunnshuset, Øvre Årdal  
Arrangør: Kulturutvalet, Hydro Årdal

05.01: Juletefest  
Kyrkjelydshuset, Årdalstangen kl. 17.00  
Arrangør: Nedre Årdal Sokneråd



## Adventsstund



Reinhaldarane i Øvre har adventsstund med tenning av lys, diktlesing og ein kaffikopp. Dette har vore tradisjon i reinhaldsgruppa i fleire år.



## Litt av kvart .....

### Makebyte, Sentralbygget - Asvo

I samband med at ASVO skal overta Sentralbygget har tekniske tenester flytta ut av bygget. Sven Erik Jevnaker, Tore Ødegård, Odd Sverre Haukedalen og Torbjørn Haug har fått mellombels kontor i Storevegen 2.

Fram til Tekniske tenester får overta Asvobygget, har uteseksjonen oppmøte i Tangenhallen, Storevegen 2, Parkbui, Brakka ved Bygger'n og Geithus.

Sven Erik Jevnaker: 959 89 343

Tore Ødegård: 415 84 013

Odd Sverre Haukedal: 959 35 479

Torbjørn Haug: 908 37 343



### Rutinar for kjøp/bytte av mobiltelefon og dekking av samtaleutgifter

Administrasjonsutvalet vedtok rutinane i møte 7.12.2009 og gjorde endringar i møte 20.09.2010

Rutinane omfattar *kjøp/bytte av mobiltelefon, samt kostnadsdekking av samtaleutgifter.*

Årdal kommune har rammeavtale med MobilData på levering av mobiltelefonar. Alt kjøp skal godkjennast av næraste overordna og økonomileiar.

Det er valgt ut modellar, som fortrinnsvis skal nyttast, frå ulike leverandørar som dekkar behovet. Tilsette som ynskjer anna type mobil som er dyrare, må betale mellomlegget direkte til Mobildata. Årdal kommune vert kun fakturert for kommunen sin del. Me differensierer kommunaldel ut frå type stilling:

***Leiargruppa (dei som har heimekontorløyising) får ta ut mobiltelefon inntil kr. 2000,-  
Andre tilsette får ta ut mobiltelefon inntil kr. 1000,-***

Ingen tilsette får ta ut mobiltelefon utan signert rekvisisjon frå leiar av området.

Tilsette som har mobil må dekke all bruk over kr. 250,- pr. mnd. (samtaleavgift).

Vakttelefonar m.m. må kjøpast innafor dei modellane som er peika ut. Telefonar som skal skiftast ut av ulike årsaker **skal** leverast til Inge Moen før ny telefon vert levert ut.



### Heimesida med 6 stjerner

***Jubelen sto i taket på rådhuset da resultatet frå årets kvalitetsvurdering var klar.  
Endeleg var me på topp att.***

Norge.no har hatt kvalitetsvurdering for 2010. Frå å vere ein kommune med 2 stjerner har me no fått kvalitetsvurdering med 6 stjerner og eit snitt på 83% i vurderinga.

Me har enno mykje arbeid igjen, og ikkje minst er dette ein pådrivar til å halde heimesida til kommunen oppe blant dei beste med god og nyttig informasjon for innbygarane våre.

# Byggeprosjekt i Årdal kommune

**Framdrift for nokre av byggeprosjekta som er under planlegging og/eller gjennomføring.  
Det kan verte mindre endringar.**

Som de ser av oppsettet, er det lagt opp til at renoveringsarbeidet ved Samfunnshuset Øvre Årdal, fyrst startar opp etter at fase 2 ved Samfunnshuset på Årdalstangen er ferdig og klar til bruk. Me reknar så med at storsalen i øvre - som vert steng frå sommarferien - vert klar til bruk att til 1. desember, slik at det vert moegeleg med arrangement her fram innåt jul neste år.

## **Framdriftsplan for byggeprosjekta:**

### Samfunnshuset Årdalstangen

Renoveringsarbeidet med fase 2 er starta opp og er venta å vere ferdig i august 2011.

### Samfunnshuset Øvre Årdal

Renoveringsarbeidet vil her starta opp når fase 2 ved Samfunnshuset på Årdalstangen er ferdig i august 2011. Samfunnshuset i Øvre Årdal er planlagt ferdig i desember 2011.

### Helsehuset Øvre Årdal

Utviding og ombygging av Helsehuset til felles legekontor er planlagt gjennomført frå ca april til desember 2011.

### Seimsdal sjukeheim

Planlegging av 24 nye sjukeheims plassar ved Seimsdal sjukeheim er i gong, og det er venta at eit forprosjekt vil ligge føre til politisk handsaming før sommaren 2011. Byggearbeida vil truleg starte våren 2012.

## **Rutinar for innkjøp**



Årdal kommune har inngått samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og er saman med dei bundne opp til ein del rammeavtalar på innkjøp. Tilsette som utøver innkjøp til kommunen er pliktige til å bruke desse leverandørane.

Det gjeld t.d. skulefrukt, reinholdsrekvisita, hotellavtalar, telefonar, diverse matvarer, gass/gassflasker, diverse medisinske forbruksvarer.

### **Ny rammeavtale på kontorrekvisita, fritt skulematriell og datarekvisita**

Årdal kommune har inngått rammeavtale med Staples Norway AS på nemnde varer, og kjøp av denne type varer skal tingast der. Dei personane som skal gjera innkjøp ute på avdelingane/områda har fått tildelt brukarnamn og passord til Staples Norway AS sin netthandel.

### **Ved «litt» større eingongskjøp gjeld desse reglane:**

- Under kr 100.000 eks mva: Det skal som hovudregel hentast pristilbod, og dette skal kunne dokumenterast .
- Mellom kr 100.000 og kr 499.000 eks mva, skal det sendast førespurnad til minimum 3 leverandørar.
- Over kr 500.000 eks mva. skal gjerast i samråd med innkjøpsansvarleg
- Det skal førast protokoll på einskild kjøp over kr. 100.000,-

Inge Moen har ansvar for kjøp av mobiltelefonar etter vedtekne rutinar, leasingbilavtalen, utleigebilar (Hertz) og trykksaker for heile kommunen (konvoluttar, kommuneark, timelister, fleksikort, giroar m.m).

Inge har òg ansvar for tinging av varer til internlageret på Rådhuset. Alle bestillingar skal skje pr. e-post.

Marian Teigen har ansvar for kommunen sitt innkjøpsreglement. Marian er å treffa på telefon 5061 eller epost; [marian.teigen@ardal.kommune.no](mailto:marian.teigen@ardal.kommune.no)

## Tilsetjing og innkjøpsstopp

**Arbeidet med Budsjett 2011 og Økonomi- og handlingsplanen 2011 – 2014 avdekket at det ikkje er samsvar mellom utgifter og inntekter, og at underbalansen krev tiltak for å få kontroll på budsjett-situasjonen. I samsvar med orienteringa i utvida leiarmøte fredag 22.10.10 vart det sett i verk tiltak både på kort og lang sikt.**

### 1. Tilsetjingsstopp

Rådmannen sette i verk full tilsetjingsstopp med verknad frå 1. november 2010.

Desse retningslinene gjeld:

- Ledige stillingar skal som hovudregel bemannast ved intern tilsetjing.
- Avgjerd om tilsetjing i ledige stillingsheimlar, delvis eller heilt, skal skje etter streng vurdering i møte mellom einings- og/eller områdeleiar/ar, vedkommande kommunalsjef og personaleleiar.
- Rådmannen tek avgjerd om ekstern tilsetjing. Kjøp av eksterne personalressursar (vikarbyrå o.l.) skal avklarast med kommunalsjef og personaleleiar, dette skal og vera med å bidra til å redusere overtidsbruken
- Ved vakansar skal tilsette som ikkje utløyser overtid, nyttast før innleige.
- Tilsetjingsstoppen varer til rådmannen gjer vedtak om å oppheva han.

### 2. Innkjøpsstopp i 2010

Rådmannen sette i verk full innkjøpsstopp med verknad frå 1. november 2010.

Desse retningslinene gjeld:

- Stoppen gjeld alle «ikkje-avtala» innkjøp pr. 01.11.10.
- Innkjøp som må gjerast for å ivareta kritiske brukarbehov skal avklarast med vedkommande kommunalsjef.

## Organiseringa av Tekniske tenester

Deler av Kultur er no lagt under tenestekområde Tekniske tenester



### Tekniske tenester omfattar:

- VAR (vatn, avlaup og renovasjon)
- Utedrift, vegar, parkar, idrettsanlegg, ballbaner, leikeplassar, skredvollar og skredsikringstiltak. Elles alle uteområder som enten kommunen eig eller har teke på seg ansvaret for. Drifta av kyrkjegardane er det kyrkja som har ansvaret for, men som utedrift utfører.
- Kart og oppmåling
- FDV av eigedeomar. Drift av kommunen sine bygg (skular, sjukeheimar, samfunnshus, leilegheiter, idrettshallar m.m.)
- Reinhold av kommunen sine bygg
- Idrett og idrettsdrift. Idrettshalldrift og badebasseng.  
Tildeling av treningstider, planar innanfor idret, søknad om tilskot til idrettsføremaal, sekretær for idrettsrådet

Leiar av tekniske tenester: *Jan Roy Dalheim*

Fagansvarleg VAR: *Arne Kjos*

Fagansvarleg utedrift: *Bjørn Indrebø*

Oppsynsmann VAR og utedrift: *Sven Erik Jevnaker*

Koordinator utedrift: *Odd Natvik*

Fagansvarleg kart og oppmåling: *Trude Johnsgaard*

Idrettskonsulent: *Arne Hovland*

Koordinator idrettsdrift: *Siren Svortevik*

Fagansvarleg FDV og reinhold: *Hans Jørgen Røneid*

Oppsynsmann FDV: *Odd Sverre Haukedalen*

Avløyser oppsynsmann FDV: *Torbjørn Haug*

Reinholdsleder: *Marit Nesse*

Koordinatorar Åtg: *Gro Kjos, Wenche Breivik*

Koordinatorar ØÅ: *Gunn Bukve Skaret,*

*Jorunn Faaberg*

**Landbruk:** Jan Roy Dalheim har vore og vert nok bindeleddet mellom Åk og det Felles landbrukskontoret i fleire saker som omhandlar landingsløyve, snøscooterløyver, tilskotsordningar jakt og fiske mm.

**MEN!! Spørsmåla bør og skal i hovudsak gå til Lærdal og landbrukskontoret.**



## Informasjon frå personalstaben

### Lokale lønstingingar 2010 – Kompetansetillegg

I samband med dei lokale lønstingingane i år var det sentrale føringar på at deler av den lokale potten skulle øyremerkast kompensasjon for etter- og vidareutdanning. Av den totale potten på 1,1 % av lønsmassen skulle 0,25 %, dvs kr. 423 737,- gå til dette føremålet.

Som ein av dei fyrste kommunane i Sogn og Fjordane hadde kommunen i framkant av dei lokale lønstingingane i år allereie frå 1. januar 2009 vedteke retningsliner for kompensasjon og tildelt og innvilga søknader tilsvarande kr. 600 000,- på årsbasis. Med tilbakeverkande kraft frå 1. januar 2009 vert totalsummen vesentleg høgare.

Ved dei lokale lønstingingane i år kom det inn fleire krav og tildelinga enda til slutt på kr. 510 000,-.

**Til saman er det tildelt kompensasjon for etter og vidareutdanning på kr 1,1 million i år. Ei oppsummering syner at 109 av 135 søknader er innvilga.**

Det er positivt at tilsette brukar tid og krefter på kompetanseheving/utvikling som kjem tenestene til gode. Kompensasjon er eit signal på at arbeidsgjevar verdset det arbeidet kvar og ein legg ned, samt motivere tilsette til kompetanseheving/utvikling.

Kompensasjon for etter og vidareutdanning er ein del av kommunen sin lønspolitikk og vedteke av Administrasjonsutvalet. Innan 1. mars 2011 skal retningslinene justerast, spesielt med tanke på realkompetanse.

### Medarbeidarkartlegginga

Alle tilsette fekk i byrjinga av året tilbod om å vera med på ei medarbeidarkartlegging. Når svarfristen gjekk ut hadde 60% av tilsette delteke. Nokre område hadde god og representativ deltaking medan andre hadde ein heller låg svarprosent. I etterkant av kartlegginga vart resultatet informert om til dei tilsette. I tillegg fekk leiarane i oppdrag å ta ansvar for oppfølging og utarbeiding av tiltaksplan. Mest samlege tenestemåter har no levert inn sine planar til personalstaben og arbeidet rundt tiltaka er eller skal setjast i verk som avtalt. 7. desember skal resultat/status informerast om til Arbeidsmiljøutvalet og Administrasjonsutvalet.

### Personforsikringar

Alle tilsette i Årdal kommune er forsikra i samsvar med Hovudtariffavtalen. Pr. i dag har me gruppelevsforssikring gjennom Storebrand, Ulykke- og skadeforsikring gjennom KLP, pensjonsforsikring gjennom Vital og reiseforsikring (arbeid) gjennom Chartis Europe.

Det er viktig at all skade vert registrert. Spesielt viktig er det at skade som medfører legebesøk og fråver vert registrert til kommunen sitt forsikringsselskap og til NAV.

### Hugs at forsikringa også dekkar fritid.

Dersom du skadar deg utanfor jobb, skal dette også meldast inn til forsikringsselskapet.

Ta kontakt med næraste leiar eller Personalstaben v/Aud Hjelle på tlf. 57 66 50 60 for å få naudsynt informasjon, skjema eller har spørsmål om skaden skal registrerast eller ikkje.

### Handlingsplanar for kompetanseutvikling

Innan 15. januar 2011 skal den årlege handlingsplanen for kompetanseutvikling for 2011 vere utarbeida. Leiar har ansvar for gjennomføring. Kompetansetiltaka må stå i samsvar med dei kompetansebehova som avdelinga har sett i forhold til personalsamansetjing, brukarbehov osv. Før du melder deg på eit opplæringstiltak skal dette avklarast med leiar i framkant.

### Stipend til etter- og vidareutdanning

Tilsette som tek etter- og vidareutdanning etter avtale med arbeidsgjevar, kan få innvilga stipend. I følgje kommunen sine retningsliner kan ein få inntil kr 35 000,- pr. år for grunnutdanning. For vidare- og etterutdanning vert stipendet vurdert etter kostnad. Stipend over kr. 30 000,- må handsamast av Kompetanseutvalet (Arbeidsmiljøutvalet). Søknader om slike stipend må vere spesifiserte, utdanninga må vere relevant i høve kommunen sin kompetanseplan. Den skal sendast næraste leiar for vurdering.

### Handlingsplanar for arbeidsmiljø

Kvart år skal det på kvar tenestestad utarbeidast handlingsplan for arbeidsmiljø. Planen skal utarbeidast i samarbeid med tilsette og det er leiar som er ansvarleg for prosessen. Frist for utarbeiding er sett til 15. januar 2011. I samband med årsrapportering til Personalstaben/Administrativ leiing og Arbeidsmiljøutvalet skal tenestemåter melde inn om tiltak er gjennomført etter avtale.

### Seniorpolitikk

Retningsliner for seniorpolitikk har vore under revisjon og framlegget til justering vart vedteke av Kommunestyret 16. desember. Mellom anna vert lønstillegget auka frå kr. 20 000,- til kr. 30 000,-. Fridagar vert auka frå 2 til 5 dagar. Elles er det sagt noko om holdningar, trivsel og arbeidsglede, bruk og utvikling av kompetanse m.m. Endringane er i samsvar med tilbakemeldingar me har fått frå tilsette i aldersgruppa 58 år og oppover, om kva dei meiner skal til for å halda fram i arbeid etter fylte 62 år.



# Juleturnering i innebandy



1. plass: Silje Indrebø, Lars Arne Nes, Preben Larsen



2. plass: Svein Indrebø, Steinar Drægni, Stein Idar Sem-Johansen



3. plass: Inge Moen, Aud Andersen, Bjørn Indrebø



Richard Strupstad, Marit Indrebø, Henrik Rønningen



Arrangementsansvarleg Inge Moen



Elin Heen, Daniel Torgersen, Preben Vee

ÅKBIL arrangerte torsdag 09.12.2010 den årlege juleturneringa i innebandy i gymsalen på Farnes skule. Dette var fjerde året på rad, og ein svært oppglødd lagleiar, Inge Moen, meiner no bestemt at dette kan kallast tradisjon.

5 lag stilte til start, og innsatsen var 100% frå første sekund. Her sprutar sveitten i kampen om julas gjevaste trofè - peparkake med NR 1 på i raud snor rundt halsen.

Ei stor stund for dei premierte å få oppleve seremonien med utdeling av peparkakemedaljene, for det var svært kort veg mellom første og siste plass i intense 5 minuttars kampar.

Rykte går om mykje skader i denne idretten, men dette vert tilbakevist av ÅKBIL som har ein svært positiv skadestatistikk å vise til dei fire åra ein har hatt dette tilbudet.

Sveitte, og tårer, men lite blod til no.

Sporten er så populær at styret i ÅKBIL no vurderer å utvide tilbudet med enno ein treningsdag i 2011.



## Besøk av flotte Luciaborn



Årdalstangen barnehage, avdeling Kanutten vitja Rådhuset med flott song på Luciadagen. Ferske Lussekattar vart delt ut til dei som var så heldige å vere på Tenestetorget då dei kom inn.



# Nye tilbod i kulturskulen

**No har Årdal kommune endeleg fått kulturskule. I 2010 har vi fått to nye tilbod i tillegg til vanleg musikkundervisning**

## Danseundervisning

Våren 2010 vart det starta opp eit prøveprosjekt innan dans, med Cecilie Hammer som lærar. Det har vore ein stor suksess. Ho har no fire grupper med elevar frå 3. klasse til vidaregåande skule, omlag 60 elevar, og underviser i moderne dans, jazz, street og Hip-Hop.

Dette har vore eit tilbod som ikkje berre har vore ettertrakta blant dei unge, men i haust har og etterspurnaden etter dans som underholdningsinnslag i ulike samanhengar vore stor. Elevane til Cecilie har hausta beundring og begeistring med sine velkoreograferte innslag. Ein ser lett at elevane trivest på scena under framføringane, dei går inn for oppgåva med utstråling og glimt i auga.



Berre i haust har dei fire ulike dansegruppene hatt desse oppdraga: Kulturveka i Farnes kyrkje 21. oktober, Støttekonserten for flaumofra i Pakistan 31. oktober, pauseinnslag på handbalkamp 6. november, opning av fotoutstilling i Samfunnshuset 13. november og «Damenes aften» på Klingenberg hotell 18. november.

Sjølvsagt vert konklusjonen at dette tilbodet er liv laga, og det er no lagt til som eit permanent tilbod i Kulturskulen.




## Kunstkurs

Rett etter skulestart hausten 2010 fekk Reidun Vinda oppdraget med å finne ut om det var liv laga å sette i gang eit tilbod innan visuelle kunstoffag i kulturskulen. Ho gjekk inn for arbeidet med liv og lyst, laga plakatar og informasjonsfoldarar og fekk informert alle klassar ved Tangen og Farnes Skule om tilbodet. Ho endte opp med heile 65 elevar fordelt på 5 grupper, to på Tangen skule og tre på Farnes skule. Her har ho elevar frå 3. klasse til og med 10. klasse, og det er mange gitar med!

Reidun gjev eit tilbod om opplæring innanfor teikning/maling og batikk/redesign/farge/trykk. Etter berre få undervisningstimar greidde ho å få til ei utstilling allereie ved Kulturveka i Farnes kyrkje den 21. oktober. Mange var imponerte over silkeskerf som elevar hadde trykt mønster på sjølve, og grundige blyantteikningar av elevane sine egne hender. Imponerende resultat! Fleire kunstutstillingar er under planlegging, og kanskje vil nokre heldige foreldre få spennande og kunstneriske julegåver under treet i år? Reidun har dessutan blitt takka for at enkeltelevar på ungdomstrinnet har fått betra Kunst- og Handverkararakteren sin. Ei gledeleg tilbakemelding og eit godt kvalitetsstempel!

Vi får krysse fingrane for at også dette tilbodet vil bli lagt positivt merke til av dei som sit på pengesekken i kommunen, slik at ein kan fortsette med visuell kunstopplæring også neste skuleår, og helst som eit permanent tilbod!







## Toneskrinet til barnehagane i Årdal

**Barnehagane i kommunen har i haust fått eit tilbod via Kulturskulen om eit opplegg kalla «Toneskrinet». «Toneskrinet er ein fantasileik med folkesong, og det er Judith Vestreim, ein ikkje ukjend folkesongar frå Kaupanger, som står for opplegget.**

Judith har vore på 6 besøk i kvar barnehage denne hausten. Her har ho samla borna i ein halvsirkel på golvet, og ho har hatt med seg nokre gamle songar inni eit gammalt rosemåla skrin. Ved hjelp av ei gammal regle har ho og borna mana opp songane frå skrinet. Kvar song er ei lita historie med tone på. Ei historie som er lett å teikne for store og små. Judith brukar å la borna teikne si oppleving av songen og teksten som bearbeiding, og som ein fin måte å lære på.

Songane har Judith stort sett plukka frå det rikhaldige, gamle folkesongstoffet i Årdal. Fleire songar har alle barnehagane lært felles, men kvar barnehage får og lære eit par songar som er spesielle for akkurat dei. Judith har eit fantastisk godt lag med ungane og eit engasjement og ei formidlingsevne for folkemusikk som er heilt unik. Både dei vaksne og borna i barnehagane har hatt gode opplevingar med ho denne hausten.

I januar vert prosjektet avslutta med ein «kunstkonsert» arrangert i samarbeid med Kulturskulen. Kva form denne konserten skal ha, er for tida under planlegging. Vonleg vil mange få sjansen til å oppleve ei flott framføring av lokale folkesongar, ein viktig del av kulturarven vår!

### Opningstider i jule- og nyårshelgi

#### Legekontora

Legekontora har vanleg opningstid til og med 23.12.2010  
Frå og med 24.12. til og med 26.12.10, er det kun legevakt.  
Tlf: 57 66 11 13

#### Legekontoret Øvre Årdal:

27.12.10 og 28.12.10 er kontoret ope for legevakt.  
Sentralbordet er ope frå kl. 09.00-11.30

#### Legekontoret Årdalstangen:

29.12.10 og 30.12.10 er kontoret ope for legevakt.  
Sentralbordet er ope frå kl. 09.00-11.30

Frå og med 31.12.10 til og med 02.01.2011, er det kun legevakt. **Tlf: 57 66 11 13**

Hugs å bestill medisin i god tid før jul. Det vert ikkje høve til medisinbestilling i romjula.

Publisert: fredag 3. desember 2010, 08:47

#### Biblioteket

##### *Laurdagsope 1. halvår*

23.12	11.00 – 15.00	Laurdag 8. januar
24.12	Stengt	Laurdag 5. februar
27.12	11.00 – 15.00	Laurdag 5. mars
28.12	Stengt	Laurdag 2. april
29.12	11.00 – 15.00	Laurdag 7. mai
30.12	11.00 – 15.00	Laurdag 4. juni
31.12	Stengt	Opningstid: 11.00 – 15.00

#### Symjehallen

Torsdag 23. desember:	Ope frå 17.00-20.45 (Kun vaksne etter kl. 19.00. Damebading går ut)
Fredag 24. desember:	Stengt
Laurdag 25. desember:	Stengt
Søndag 26. desember:	Stengt
Måndag 27. desember:	Ope frå kl. 13.00-20.45 (Kun vaksne etter klokka 19.00)
Tysdag 28. desember:	Ope frå kl. 13.00-20.45 (Kun vaksne etter klokka 19.00)
Onsdag 29. desember:	Ope frå kl. 13.00-20.45 (Kun vaksne etter klokka 19.00)
Torsdag 30. desember:	Ope frå kl. 13.00-20.45 (Kun vaksne etter klokka 19.00. Damebading går ut)
Fredag 31. desember:	Stengt
Laurdag 1. januar:	Stengt
Søndag 2. januar:	Stengt
Måndag 3. januar:	Ordinære opningstider



# VITSESTAFETTEN

Av Irene Sanden



## Salstalent

Ein ung gut frå ei bygd i Nord Norge flytta til Oslo og gjekk til eit stort kjøpesenter for å søke jobb.

Sjefen for kjøpesenteret spurte: Har du selgjarefaring? Guten svarta: Njaaa, jooo, æ ha nu jobba som sælgar i heimbygda då.

Ettersom sjefen tykte at guten virka triveleg og frampå, bestemte han seg for å tilsette han.

Du kan begynne i morgon tidleg, sa han til guten. Jeg kjem ned etter at vi har stengt i morgo kveld og ser korleis du har hatt det på din første dag på jobb.

Guten hadde ein tung dag, men til slutt var han ferdig. Etter stengetid kom sjefen ned som han hadde lovet dagen før.

Kor mange salg gjorde du i dag? spurte sjefen.

Guten svarte: Eitt.

Da ble sjefen litt forundra, og sa «bare ett». Våre selgjarar brukar normalt å gjere mellom 20 og 30 salg på ein dag.

Kor mykje peng var det snakk om? Guten svarte: Einmilljonihundreogellvetuseneitthundreåttetiåtte kroner.

Sjefen blei svært overraska, og sa 1.911.138 kr. Kva selde du til han. Gutten svarte:

Først sælt æ han en liten feskekrok, så sælt æ han en mellomstor feskekrok. Ætte d sælt æ en stor feskekrok.

Så va d et feskesnøre. Da æ sporte kor han skulle feske, svarte han at han skulle fære neåt kyst“n. Då sa æ at han kunne trænge en båt, så vi gjekk ne te båtavdelinga. Der sælt æ han den store Baylinern med doble motora.

Ætte d viste det sæ at den lille Honda Civicen ikkje klarte å dra den store båten, så æ tok han me mæ te bilavdelinga å sælt han en Chevrolet Tahoe firhjulstrekkar.

Sjefen, som no var i sjokktilstand sa: Så du meiner altså at ein mann kom inn for å kjøpe ein fiskekrok og du klarte å selge han ein båt og ein bil?????

Da svarte gutten glatt: Nei, nei han kom inn og skulle kjøpe tamponga t kjerringa si, å då svarte æ at han likeså gått

kunne fære å feske, ættesom hælga uansett va ødelagt.

***Irene utfordrar Gaute Johnsgaard til neste Labanvits!***



## Julelunch på Rådhuset



*Nokon hadde baka, andre kom med alt frå laksemoussè, salatar, til gode dessertar. Med eit slikt spleiselag vart det også i år ein flott julelunch på Rådhuset.*

Redaksjon: Ellen Marie Haug  
Freelancer: Steinar Drægni

***Alle tips og bidrag som blir nytta, vert premiert med LABAN-seigmenn.***